



Dialektrøkt i NRK

Nynorsk

NRK

**Dialektrøkt i NRK og fleire andre
råd, tips og reglar finn du òg
på <http://sprak.nrk.no/>**

Utgjeve av Norsk rikskringkasting AS
i september 2015

ISBN:
978-82-7118-405-6 (trykt)
978-82-7118-406-3 (digital, nynorsk)
978-82-7118-407-0 (digital, bokmål)

NRK, Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1, 0340 Oslo
spraksjef@nrk.no

Opphavsrett NRK © 2015



Teksten i dette heftet er frigjeven under ein
«Creative Commons – Namngjeving»-lisens.
<http://creativecommons.org/licenses/by/3.0/no/>

NRK-logoen, designet og typografien er ikkje omfatta av lisensen.

Du kan dele, kopiere, endre og distribuere verket slik du sjølv ønskjer det.
Du må kreditere NRK dersom du bruker heile eller delar av lista.
Du kan gjøre dette på ein kvar rimelig måte, men utan at
det kan forståast slik at NRK bifell deg eller bruken din av lista.

INNLEIING

NRK har eit særskilt ansvar for å styrke norsk språk. Det gjeld både skriftleg og munnleg, dialektar og dei offisielle målformene.

NRK har heilt sidan starten vore ein av dei viktigaste talespråklege norm-setjarane i landet. Det er vi framleis, og det ønskjer vi å vera. Men det forpliktar: Når vi snakkar normert nynorsk eller bokmål, skal språket vere rett og godt. Og dei same krava gjeld når vi snakkar dialekt. Språket i NRK skal alltid vere tydeleg, forståeleg og konsekvent.

NRK har vore med på å gje norske dialektar høgare status. Det er ikkje lenge sidan mange opplevde at dei måtte leggje vekk dialekten sin om dei flytta til ein annan stad i landet eller skulle snakke i formelle samanhengar. Slik er det framleis i mange andre land med dialektar. I dag er toleransen for dialektbruk svært høg i Noreg, og vi veit at NRK har spela ei viktig rolle når det gjeld å gjere dialektbruk til noko positivt.

Det er vi stolte av!

Langtidsstrategien vår slår fast at godt språk skal vere eit særmerke for NRK, og at språket skal vere tydeleg, forståeleg og korrekt. Det krev stor innsats, og det må arbeidast med kvar einaste dag. Det same gjeld også dialektbruken: Om du vil snakke dialekt på lufta, er det venta at du arbeider aktivt for at språket ditt skal vere så korrekt, godt og tydeleg som mogleg.

Noreg har mange dialektar og store variasjonar i talemåla. For å sikre oss at dialektbruken vår skal oppfylle krava i langtidsstrategien, har vi laga retningslinjer for korleis vi i NRK bruker og røktar dialektane. Desse retningslinene skal gjere det enklare å vite kva som er venta av deg som dialektbrukar, og det vil gjere det lettare for leiarar og språkkontaktar å rettleie i god dialektbruk.

Vi i NRK forvaltar norsk språk på vegner av innbyggjarane i Noreg. Det er ei stor ære og eit stort ansvar.

*Thor Gjermund Eriksen
kringkastingssjef*

*Ragnhild Bjørge
språksjef*

REGLAR FOR BRUK AV DIALEKT I NRK-SENDINGAR

Desse reglane gjeld for alle tilsette som skal bruke dialekt i sendingar.

På side 6 i heftet finn du eit oversyn over når du må snakke normert, og når du kan velje om du vil snakke normert eller bruke dialekt.

SPRÅKET SKAL VERE TYDELEG

- ▶ Vi skal ha god diksjon og tydeleg språk. Vi må unngå mumling og utspeideleg uttale.
- ▶ Bruk rett tempo med naturleg trykk-plassering og setningsmelodi.
- ▶ Unngå lokale dialektord og -uttalelemåtar som er ukjende utanfor regionen, særleg i rikssendingar og nyhetsformidling.
- ▶ Stadnamn: NRK skal bruke dei offisielle stadnamna, ikkje dialektformer. I nokre tilfelle er det opna for å bruke uttaleformer som skil seg frå skriftforma. Dette gjeld m.a. *Skøyen* (Skodje), *Osilo* (Oslo), *Sarsjborg* (Sarpsborg) og *Skjeen* (Skien). Sjå sprak.nrk.no for oversyn over fleire tusen norske stadnamn med uttale.
- ▶ Teljemåte: NRK skal bruke offisiell teljemåte (*tjueto*), ikkje den gamle teljemåten (*toogtyve*). Hugs at *tjue* er eineform (tyve er ute av ordlistene).

SPRÅKET SKAL VERE KONSEKVENT

Ver konsekvent i ordbøyninga, pronomenbruken, lydsystemet og spørjeorda i den aktuelle dialekten. Dialektane er systematiske i lydsystem og grammatikk.

- ▶ Substantiv: Pass særleg på at du har konsekvent fleirtalsbøyning. Om du t.d. seier *jentan* og *gutan*, må du også seie *politikeran* (og ikkje *politikerne*).
- ▶ Substantiv: Bruk hokjønn gjenomført der dialekten din har det (*ei maskin* – *maskina*, *ei dialekt* – *dialekta*, *ei regjering* – *regjeringa*, *ei prinsesse* – *prinsessa*).
- ▶ Verb: Om du seier *kjem* og *søv*, må du halde deg til desse sterke kortformene og ikkje veksle mellom desse og langformene *kommer* og *sover*.
- ▶ Verb: Om du bruker kløyvd infinitiv (*vera/værra/vårrå* vs. *finne/finn*), må du gjere dette konsekvent.
- ▶ Verb: Pass særleg på fortidsformene. Dersom du seier *kasta*, *hoppa* og *snakka*, må du gjere det konsekvent og ikkje veksle mellom *-a* og *-et*.
- ▶ Pronomen: Medarbeidarar som bruker dialekt, kan bruke regionale pronomenformer, så lenge dei er forståelege for lyttarane/sjåarane. Medarbeidarar som bruker former som skil seg mykje frå skriftleg nynorsk eller bokmål, må anten bruke ei regional form eller normere til nynorsk eller bokmål.

- ▶ Dersom dialekten din har fellesform, må du bruke dette gjennomført (*oss – oss, dokker – dokker, dæm – dæm*). Dersom dialekten din har ulike former i subjekt og objekt, må du bruke dette gjennomført (*vi – oss, de – dokke, de – dem*). Ver særleg merksam på at du ikkje bruker «*de*» (bokmål) i objektsform (*jeg skal si det til de*»).
- ▶ Lydsystem: Dersom du har tjukk L i dialekten din, må du bruke dette konsekvent: Om du seier *bLå*, bør du også seie *kLåkke* (klokke), *pLokke* (plukke), *gLa* (glad). Om du seier *oL* (ord), bør du også seie *boL* (bord) og *gaL* (gard).
- ▶ Lydsystem: Om du har såkalla senking, dvs. at *i* blir e og e blir œ, som i *fisk* > *fesk* og *regjeringa* > *regjæringa*, må du bruke dette konsekvent. Dersom du seier *tell* (til), må du også seie *tellsyn* og *telfældig*.
- ▶ Lydsystem: Dialektar som har delt ending i bestemt form av hokjønnsord, kan bruke dette. Til dømes *ei bok* – *boki/boke* vs. *ei jente* – *jento/jenta*. Annan dialektal vokalvariasjon, t.d. -o i Sunnhordland (i bestemt form av sterke hokjønnsord: *boko, bygdo, solo*) kan òg brukast i rikssendingar som tillèt dialektbruk.
- ▶ Lydsystem: Uttal *kj*-lyden (*kino, kjøleskap, kylling, tjære*) slik at han skil seg frå *sj*-lyden (*sjokolade* og *skjorte*). Dette lydsamanfallet kan skape misforståingar, fordi ein del ord som har ulik tyding vil få lik uttale (*kjede – skjede, kitt – skitt, tjue – sju*).
- ▶ Spørjeord: Desse orda er viktige sidan journalistar stiller mange spørsmål. Her er det stor variasjon mellom ulike dialektar, sjølv innanfor eit distrikt. Difor kan desse orda vere vanskelege. Vi rår til at du normerer spørjeorda dine, sjølv om du snakkar dialekt (særleg i nyheitssendingar). Bruk anten bokmålsformer, nynorsk-former eller utbreidde, regionale former (i distriktsendingar).
- ▶ Varier ordbruken, finn synonym og andre uttrykksmåtar, slik at du ikkje seier det same om att og om att.

BRUK RETT STILNIVÅ

Det er skilnad på å snakke ved kjøkenbordet heime og å snakke i studio.

- ▶ Tilpass stilnivået etter tema og type sending. «*Sånnne derre politikera*» passar særstyrkt i nyhetssendingar. «*Du som liksom/messom er sjef her*», er heller ikkje ein god introduksjon til eit intervju.

HER FÅR DU HJELP!

- ▶ Bruk ordbøkene! Sjekk kjønn i bokmåls- og nynorskordbøkene eller verbbøyning i nynorskordboka (også for dialektbrukarar med meir bokmålsnære dialektar). Dialekten din er mest sannsynleg like konsekvent som ordbøkene. Dersom du seier *gutan* (nynorsk *gutane*), er det lett å sjå at du skal seie *politikaran*/ *politikeran* (nynorsk *politikarane*) om du slår opp.
- ▶ Boka *Det norske dialektlandskapet* har oversyn over systematiske trekk ved dialektane. Bruk denne boka dersom du er usikker.
- ▶ Uttale- og normeringsbøker, mellom anna boka *Nynorsk i NRK* av Sylfest Lomheim, har mange råd som òg er aktuelle for dialektrøkt.
- ▶ Bruk spraksporsmal@nrk.no!

KVA ER DIALEKTRØKT?

Dialektrøkt er ikkje ein etablert fagterm og er her avleidd av termen språkrøkt. Med språkrøkt forstår vi den stadige forbetinga og utviklinga av eit språk for at det skal stette alle dei behova og krava som til kvar ei tid blir stilte til det (jf. Vikør: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*, 2007: 121ff).

Språkrøkt kan både verke fornyande og konserverande. På den eine sida kan språkrøkt innebere utvikling av nye termar, heile terminologiar for nye felt, stilistiske verkemiddel, og liknande. På den andre sida inneber språkrøkt språkleg rådgjeving, retting og undervisning, med sikte på å fremje dei rådande ideala for «godt språk» – særleg i skrift.

I denne samanhengen er det røktinga av talemålet som er det sentrale. Korleis kan språkkontaktane i NRK rettleie, rådgje og utvikle talespråket til dei som ønskjer å bruke dialekten sin i sendingane til NRK?

KVA KAN/BØR RØKTAST I EIN DIALEKT?

På same måte som ved språkrøkt bør ein ved dialektrokt kunne gje råd og rettleiing på alle nivå i språket. Det vil seie at ein bør gje rettleiing både når det gjeld lydverk, grammatikk, ordval og setningsstruktur. Å røkte tempo, stil, frasering, tone, komposisjon og såkalla naturleg språkbruk, er ålmant for røkt av alt talt språk i eteren og er ikkje spesielt for dialektbruk. Dialektrøkt vil først og fremst innebere å gje råd og rettleiing om ordval, tilpassing av ny terminologi og konsekvent bøyning (morphologi).

SPRÅKKONTAKTANE SITT ANSVAR FOR DIALEKTRØKT

Språkkontaktane bør generelt vere merksame på kravet om konsekvens. Dersom ein medarbeidar vil bruke dialekt, må han/ho vere gjennomført, både i substantiv- og i verbbøyninga, og ikkje blande dialekt med bokmål (og/eller nynorsk).

Det første språkkontaktane bør gjere, er dermed å skaffe seg oversyn over korleis bøyningssystemet ser ut i den aktuelle dialekten eller i regionen. (Oversyn over det norske dialektlandskapet finst i boka *Det norske dialektlandskapet* av Mæhlum og Røyneland 2014.)

REDAKTØRANE SITT ANSVAR FOR DIALEKTRØKT

Redaktørane må gje språkkontaktane sine oversyn over kven som har fått lov til å bruke dialekt i deira redaksjon, kva dialekt medarbeidaren skal bruke, og anna som redaktøren og medarbeidaren har avtalt rundt dette.

Redaktørar og leiarar må støtte arbeidet med språkrøkt i redaksjonane og sjølvé bidra til dette.

NÅR KAN VI BRUKE DIALEKT?

I NRK-språkreglane frå 2007 står det at NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk. Spørsmålet er kor godt ulike variantar av norsk blir forstått av lyttarane, og kva haldningar lyttarane og sjåarane har til dialekt og norsk med aksent. NRK-granskingane frå 2009, 2012 og 2014 tyder på at folk jamt over er positivt innstilte til at journalistane i NRK nyttar dialekt i sendingane. Samstundes er ikkje alle dialektar like lette å forstå for alle.

NRK har eit ansvar for å styrke og utvikle det norske språket, også dialektane. Vi gjer dette både gjennom å bruke normert språk og ved god, konsekvent og tydeleg dialektbruk.

NYHEITSSENDINGAR OG PROGRAMINFO SNAKKAR VI NORMERT

I språkreglane står det at nyheitssendingar og programinformasjon skal vere på normert bokmål eller nynorsk, men at det kan gjerast unntak.

*Ver merksam på at det ikkje finst eit årment unntak frå å normere:
Ein redaktør skal gjere ei konkret vurdering før ein person får dispensasjon frå normeringskravet* (gjerne i samråd med språksjefen eller -styret).

Redaktøren skal mellom anna vurdere om medarbeidaren har ein gjennomført og konsekvent dialektbruk og om språket er tydeleg og lett å forstå.

I ANDRE SENDINGAR BRUKER VI BÅDE DIALEKT OG NORMERT SPRÅK

I andre sendingar og i nyheitsinnslag (reportasjar, rapportar, kommentarar, intervju osb.) kan det brukast dialekt, også i riksdekkjande sendingar. I distriktsendingane bør lokale talemål frå heile distriktet få godt rom. Redaktøren skal også her mellom anna vurdere om medarbeidaren har ein gjennomført og konsekvent dialektbruk, om språket er tydeleg og lett å forstå, og rettleia medarbeidaren etter retningslinene i dette heftet.

Når det gjeld det talte språket i NRK er retningslinene vidare at språket skal vere tydeleg, med naturleg trykkplassering og munnleg setningsbygning, og at medarbeidarane skal vere konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer innanfor det enkelte innslaget eller programmet. Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa. Norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogleg grad.

Dei råda språkreglane gjev for godt, funksjonelt språk, er at språkbruken – uavhengig av sjanger – alltid bør vere klår. Dei verkemidla som blir trekte fram, er tempo, frasering, setningsmelodi, klang og høgde, ordval og metaforbruk, struktur og komposisjon, stil og tone og personleg og naturleg språk.

I Stortingsmelding nr. 35, Mål og meinung (2007 – 2008) står det følgjande om talespråkleg språkrøkt i NRK og andre etermedium (pkt.

8.5.1.3.):

Behovet for talespråkleg språkrøkt er særleg til stades i situasjonar der den som taler, vender seg til eit større publikum, og aller mest der talaren heller ikkje har augekontakt med det eigentlege publikum, slik tilfellet er for dei som opptrer i etermedia, radio og fjernsyn.

Her har ikkje minst NRK, men også dei andre allmennkringkastarane, ei viktig rolle å spela. NRK har lenge vore ein av dei fremste talespråklege normsetjarane her i landet og er truleg den einaste institusjonen i landet som har eigne reglar for talespråk. Slik sett har NRK på sett og vis vore eit språkpolitisk prosjekt så lenge institusjonen har eksistert. Det er særskilt om å gjera at NRK framleis har eit klart medvit om kva som i ulike samanhengar er godt og formålstenleg språk i eteren. Mellom anna er det viktig at institusjonen har eit gjennomtenkt syn på tilhøvet mellom standardspråk og dialekt. NRK bør kjenna eit særleg ansvar for å dyrka og formidla eit standardisert nynorsk talemål.

SPRÅKET SKAL VERE FORSTÅELEG

I arbeidet med dialektrøkt vil det vere særleg viktig å ta omsyn til kravet om at dei orda og uttrykka som blir valde, er ålmement kjende og forståelege for målgruppa. Det å velje svært lokale ord og uttrykk er ikkje tilrådeleg. Tvert imot bør ein velje ord og uttrykk som er ålmenne innanfor ein større region (i distriktsendingar), eller som er ålmement kjende (i riksdekkjande sendingar). Til dømes vil det ikkje vere tilrådeleg å bruke gradsadverb som *nauta* (sunnmørsk) eller *grævligt* (sørvestlandsk) i riksdekkjande sendingar, men heller *veldig* eller *svært*.

SPØRJEORD

Spørjeorda varierer mykje mellom ulike dialektar. Dette er gjerne svært frekvente ord i nyheitssendingar, og også i andre sendingar, sidan reporterane ofte intervjuar folk om ulike forhold. Det er viktig at både dei som blir intervjuia, og dei som høyrer eller ser på, forstår kva vi spør om. Sjølv om dei fleste spørjeorda er lette å forstå, finst det unntak. *Høtt* (korleis) er eitt slikt døme, *åheiss* (kvar), *ko* (kva), *kost* og *hossen* (korleis) er nokre andre.

Difor rår vi til at du normerer spørjeorda dine til bokmål, nynorsk eller utbreidde regionale former, sjølv om du snakkar dialekt (særleg i nyheitsendingar). Medarbeidarane må vere konsekvente i bruken, slik at dei ikkje seier *kelles* i den eine augneblinken og *korleis* i den andre.

Dersom utbreidde regionale former blir brukte, er det uheldig om eitt spørjeord blir brukt som fellesform for alle spørjeorda, slik som *korsen* blir brukt nokre stader i Nord-Noreg. Her må medarbeidarane variere spørjeorda etter kva dei faktisk spør om.

PRONOMEN

Det er stor lokal variasjon når det gjeld pronomen, både personlege pronomen og eagedomspronomen.

Vi finn særleg stor variasjon i første person eintal: *e*, *æ*, *eg*, *æg*, *ei*, *ej*, *jei*, *je*, *jæ*, i osb. I første person fleirtal finn vi former som *vi*, *me*, *mø* og *oss*. I andre person fleirtal finn vi former som *dere*, *di*, *dykk(e)*, *dåke*, *dokk(e)*, *dokker*, og i tredje person fleirtal finn vi former som *de*, *dei*, *dem*, *dom*, *dæm*, *døm*. Nokre dialektar skil ikkje mellom subjekts- og objektsformer, men har ei felles form i 1., 2. og 3. person fleirtal, slik at dei heiter: «*oss skal skunde oss*», «*dokker må finn dokker i det*», «*dom står der borte – je kan gi det til dom*».

I normert bokmål er det ulike former i 1. og 3. person (*vi – oss*, *de – dem*), men fellesform i 2. person (*dere – dere*). I normert nynorsk er det ulike former i 1. person (*vi/me – oss*), i 2. person kan ein velje (*de – dykk* eller *dokker – dokker*) og i 3. person er det éi felles form (*dei – dei*).

For medarbeidarar som snakkar dialektar som ligg tett opp til normert bokmål, er det eit alternativ å normere pronomenformene i 3. person fleirtal (*de-dem*).

Det er òg stor variasjon i former av eagedomspronomen. Vår finn vi att i til dømes som *aokan*, *vårres*, *okkas*. Og *deira* som *deires*, *dekan*, *dekas*, *dikka* osb.

Medarbeidarar som bruker dialekt, kan bruke regionale pronomenformer, så lenge dei er forståelege for lyttarane/sjåarane. Medarbeidarar som bruker former som skil seg mykje frå skriftleg nynorsk eller bokmål, må anten bruke ei regional form eller normere til nynorsk eller bokmål.

SPRÅKET SKAL VERE KONSEKVENT

Det er svært viktig at medarbeidrarar som ønskjer å bruke dialekten sin i sendingane, er konsekvente i bruken av bøyingsystemet i den aktuelle dialekten. Det kan ikkje vere slik at medarbeidarane bruker dialektbøyning i visse substantiv og bokmålsbøyning i andre. Det kan vere ein viss tendens til at medarbeidrarar blandar, slik at dei nyttar dialektbøyning ved kjende ord og i konkrete substantiv, medan dei bruker bokmålsbøyning ved nyord og i abstrakte substantiv. Dette bør språkkontaktane vere særleg merksame på.

NYE ORD

Nye ord og ny terminologi bør brukast i tråd med grammatikk og lydsystem i den aktuelle dialekten. Nye ord må til dømes ikkje få bokmålsbøyning, men skal tilpassast bøyingsmönsteret i den aktuelle dialekten. Når ein medarbeidar som ønskjer å bruke trøndersk i sendingane bruker ordet *app* i bestemt form fleirtal, bør ho med andre ord seie *appan* og ikkje *appene* eller *appane*.

LYDSYSTEM

Eit språk vil alltid vere i utvikling, og lydane i språket kan endre seg over tid. Fleire stader i landet skil ikkje dei yngste lenger mellom *sj*- og *kj*-lyden. Dette lydsamanfallet kan skape misforståingar, fordi ein del ord som har ulik tyding vil få lik uttale (*kjede* – *skjede*, *kitt* – *skitt*, *tjue* – *sju*). Difor skal vi skilje mellom *sj* og *kj* når vi er på lufta.

NRK står i ein språkleg tradisjon der vi både skal ta vare på og utvikle det norske språket. NRK vil difor ikkje gå i spissen for å fremje slike lydendringar, men må jamleg vurdere om språkre-

glane er i tråd med språkbruken og forståinga hos publikum.

I dialektar der ein har eit lydsystem som er svært avvikande frå standardspråka, bør ein halde seg til eit noko meir regionalt system i riksdekkjande sendingar.

KJØNN

Nokre ord kan ha fleire kjønn, avhengig av dialekt. Her må medarbeidarane følgje dialekten sin. Vel medarbeidaren å bruke *dialekt* som hokjønnsord (*dialekt* i bestemt form), må han eller ho halde seg til den forma, og ikkje veksle mellom *dialekta* og *dialekten*. Det er ein tendens til at folk bruker hankjønn på «offisielle», «abstrakte» eller «høgverdige» hokjønnsord, t.d. *saken*, *prinsessen*, *regjeringen*. Dette er uheldig. Dersom du har eit trekjønssystem i dialekten din, må du bruke dette gjennomført – også i slike hokjønnsord.

KVA OM MEDARBEIDAREN IKKJE GREIER Å VERE KONSEKVENT?

Dersom ein medarbeidar ikkje klarer å bruke ein dialekt konsekvent, bør medarbeidaren heller bruke eit normert standardspråk.

Desse medarbeidrarane bør då – i samråd med redaktøren – vurdere om ein skal normere mot nynorsk eller bokmål. Fleire av dialektane i Nord-Noreg ligg t.d. nærmare nynorsk enn bokmål, og avstanden mellom eigen dialekt og eit normert nynorsk talemål vil difor bli kortare.

SPRÅKREGLANE

Dei offisielle språka i NRK er norsk og samisk. NRK skal vere med på å styrke og utvikle desse språka. Minst 25 prosent av verbalinnsлага i radio og fjernsyn skal vere på nynorsk.

1. REGLAR

- 1.1 I nyheitssendingar og programinformasjon skal programleiarar og annonsørar bruke offisielt bokmål eller nynorsk. Redaktørane kan gjere unntak dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.
- 1.2 I andre sendingar og i nyheitssinnslag (reportasjar, rapportar, kommentarar, intervju osv.) kan det brukast dialekt, også i riksdekkjande sendingar, dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.
- 1.3 I distriktsendingane bør lokale talemål få godt rom.
- 1.4 Person- og stadnamn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet.
- 1.5 NRK skal følgje reglane for offisiell rettskriving. Redaktørane kan gjere unntak dersom dette er tenleg av omsyn til særlege sjangerkrav.

2. RETNINGSLINJER

- 2.1 Språket skal vere tydeleg med naturleg trykkelgging og munnleg setningsbygning.
- 2.2 Medarbeidarane bør vere konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer innanfor det enkelte innslag eller program.

2.3 Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa.

2.4 Norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogeleg grad.

2.5 NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk.

3. RÅD

Godt språk = funksjonelt språk. Språket kan vere emosjonelt, sakleg, usakleg, provoserande, forsonande, korrekt, tøysete osv., men formålet med språkbruken bør alltid vere klår.

Ver særleg merksam på verkemiddel som:

- 3.1 tempo (kor fort ein snakkar, pausar og pust),
- 3.2 frasiering,
- 3.3 setningsmelodi, klang og høgde,
- 3.4 ordval og språkbilete,
- 3.5 struktur og komposisjon,
- 3.6 kroppsspråk og energi,
- 3.7 stil og tone,
- 3.8 personleg og naturleg språk.

Verkemidla skal vere med på å få språkbruken i NRK klår, kritisk og kreativ.

4. ANSVAR

Redaktørane har ansvar for at språket i NRK er i samsvar med desse reglane.

Vedteke på direktørmeøtet 19. juni 2007.